Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:JVKMQR-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 21.10.2021 |
| Vår: 21/8804 - 21/69735 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på rørleggermelding - GBNR 211/27 Eikangerlien

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn
**Byggestad:** Lid 29 – Gbnr 211/27
**Tiltakshavar:** Øyvind Namdal
**Ansvarleg søkar:** Hjelmås VVS as v/Peder Hagesæter

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vedlagt erklæring om rett til å legge vassleidning over gbnr 211/12 mangler tinglysing. Etter det vi kan sjå, skal både grøft og boreholl også gå over gbnr 211/1 (sjå kartutsnitt under). Det er ikkje lagt ved tinglyst rett til dette.

2. Ut i frå innsendt situasjonsplan (VA-kart) kan det sjå ut som at gbnr 211/27 skal knytte seg på eit privat leidningsnett. Dersom dette er tilfelle må det inngås avtale om felles solidarisk ansvar for den del av leidningsnettet som er felles fram til kommunal kum. Ei slik avtale må tinglysast.






Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.11.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs AS | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |